

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2027-0003	<b>Søknadsår</b>	2027	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Innovasjonsavtalar for operatørar av næringshage- og inkubatorprogram 2027-2029 Søknad om innovasjonsavtale for operatørar - her fyller de inn namn på organisasjon			
<b>Søknadstittel</b>	som søker			

### **Kort om bransje eller tematisk område, målgrupper og geografi**

Her skal de kort beskrive kva bransje eller tematisk område de skal jobbe med gjennom innovasjonsavtalen. Beskriv kva type bedrifter de arbeider mot. Beskriv også kva geografisk område de skal jobbe i.

Ut frå utlysinga skal aktivitetane dekke same geografi som de jobbar med i program. Med dette meiner vi kjerneområdet for aktiviteten i program. Her ber vi dykk beskrive kva geografisk område skal de jobbe i med aktivitetar i innovasjonsavtalen.

### **Beskriv organisasjonen og rolla i innovasjonssystemet**

1. Gje ein kort omtale av organisasjonen og forretningsområda til organisasjonen.
2. Beskriv rolla som organisasjonen har i innovasjonssystemet.

Beskriv konkret korleis de i dag bidreg de til å styrkje gründerskap, nyetableringar og små og mellomstore bedrifter i Vestland si evne til innovasjon, vekst og omstilling (utanom program).

(Vi nyttar denne definisjonen: Innovasjonssystemet omfattar innovasjonsaktørar, ressursar og verkemiddel. Ressursar og verkemiddel kan vere tilgang på forskning, kompetanse, kapital og test- og utviklingsarenaer som bidreg til å redusere risiko, korte ned tida frå ide til marknad).

3. Korleis bidreg de til å styrkje og komplementere innovasjonssystemet i Vestland?

Beskriv konkret korleis de tek ei rolle utover eigen drift for å utvikle eit velfungerande og koordinert innovasjonssystem. Utdjup korleis de byggjer tillit mellom aktørar, utviklar samspel og samarbeidsstrukturar. Gjer også greie for korleis de senkar tersklar for samhandling og legg til rette for deling av kunnskap, nettverk og ressursar.

4. Beskriv korleis de jobbar saman med førstelinetenesta i dag. Korleis vil de bidra til å utvikle førstelinetenesta i Vestland i avtaleperioden?

### **Kontaktopplysningar**

Sjå rettleiing i spørsmålsteikn i søknadsskjemaet.

**Beskriv kva kompetanse og kapasitet de har i selskapet og som de vil nytte til å gjennomføre avtalen**

1. Beskriv kva kompetanse og kapasitet de vil nytte inn i arbeidet med avtalen (ver konkret på kva stillingsressursar de ønsker å nytte inn i avtalen og kva kompetanse de har tilgjengeleg i organisasjonen som de vil nytte). Kva forskjell vil avtalen utgjere for dykkar organisasjon?
2. Beskriv tidlegare erfaring og resultat frå liknande arbeid med gründerskap, nyetableringar og små og mellomstore bedrifter (utanom program). Legg vekt på kva resultat/effekt for målgruppa.
3. Korleis vil de organisere arbeidet med innovasjonsavtalane, og sjå arbeidet i samanheng med organisasjonen sine andre forretningsområde og oppgåver?

**Beskriv dei sentrale utfordringane for målgruppa? Kva utfordringar må løysast for å styrke gründerskap, nyetableringar og små og mellomstore bedrifter si evne til innovasjon, vekst og omstilling?**

Beskriv dei mest sentrale utfordringane og hindringane i det innovasjonssystemet de jobbar i. Kva er dei mest sentrale utfordringane som må løysast for å styrke innovasjonsevna, konkurransekrafta og moglegheit for vekst hos målgruppa dykkar? Kva er dei viktigaste behova og moglegheitene som målgruppa har?

**Korleis skal de gå fram for å identifisere målgruppa sitt behov, og sikre at oversikt over behov blir oppdatert gjennom perioden?**

Beskriv korleis de har gått fram for å identifisere utfordringane, hindringane og kva behov gründerar, nyetablerarar og små og mellomstore bedrifter har i dag, jamfør svaret på førre spørsmål.

Korleis planlegg de å identifisere behov som skal vere utgangspunkt for aktivitetane i avtaleperioden og sikre oppdatert kunnskap om dette? Korleis vil de evaluere at aktivitetane treff behovet?

**Beskriv kort kva aktivitetar/aktivitetstypar som kan vere aktuelle å gjennomføre, og kvifor dei vil svare på behovet i målgruppa**

Beskriv kort kva aktivitetar/aktivitetstypar som kan vere aktuelle å gjennomføre, og korleis dei vil svare på behovet i målgruppa.

(Merk at vi ikkje ber om detaljert beskriving av enkeltaktivitetar som kvart møte eller arrangement de tenkjer å gjennomføre. Vi ønsker at de beskriv meir overordna kategoriar med aktivitetar. Dette kan eksempelvis vere kunnskapsdeling og kompetansedeling knytt til av utfordringane som de har identifisert at bedriftene har. Sjå også dømer på aktivitetar i utlysinga. Det er viktig at det kjem fram at aktivitetane svarar på behova til bedriftene. Merk også at same prinsipp gjeld for budsjettering/kostnadar annen plass i søknadsskjemaet. Her skal det budsjetterast på aktivetskategoriar og ikkje enkeltarrangement. Etter at hovudutval for næring har vedtatt kven som får avtale og sum så legg vi opp til ein dialog der både aktivitetar og kostnadsplan skal konkretiserast fram mot endeleg avtale tekst og årlege tilskotsbrev).

Beskriv også i kva geografi aktivitetane blir gjennomførte.

Kvifor er det ikkje naturleg å finansiere aktiviteten gjennom ordinær drift, medlemsinntekter eller andre ordningar?

Beskriv kort korleis aktivitetane kan ha potensiale for overføringsverdi og læring for andre aktørar.

**Beskriv kva resultat og effekt de ser føre dykk kjem ut av avtalen**

1. Beskriv kva de ser føre dykk kan bli dei viktigaste resultatata frå avtalen. Kva får de gjort gjennom avtalen, som de ikkje får gjort elles? Korleis vil avtalen forsterke aktivitet de har i dag, eller utløyse ny aktivitet?

2. Organisasjonane som får avtale skal synleggjere korleis midlane blir nytta, og korleis de bidrar til auka innovasjonsevne, konkurransekraft og vekst hjå bedriftene, og kva aktivitetar som blir gjennomført. Måling og synleggjering av resultat og effekt blir sentralt i den nye avtaleperioden. Det blir jobba med eit felles system, og alle avtalar vil ha fleire resultatmål. Vi ønsker å involvere avtalepartnarane i dette arbeidet, og difor ber vi dykk allereie no kome med framlegg til korleis de ser føre dykk at vi kan måle resultat og effekt av innsatsen. Vi ber dykk også kome med framlegg til målbare indikatorar. De blir ikkje målte på svaret på dette spørsmålet i vurdering av søknaden, men de kan kome med viktige innspel og vere med på å legge premissane for oppfølging av avtalane. Dialogen vil halde fram etter politisk vedtak fram mot signering av avtale. De har høve til å sende oss utfyllande svar på dette spørsmålet utanom dette søknadsskjemaet.

**Kven er dei viktigaste samarbeidspartnarar dykkar?**

Kva andre akørar vil de samarbeide med for å gjennomføre aktivitetane i innovasjonsavtalen? Kven vil vere dei mest sentrale samarbeidspartnarane, og kvifor?

**Korleis sikrar de god rolleforståing og unngår overlapp med andre aktørar og ordningar?**

Korleis sikrar de at det ikkje blir overlapp med andre tilbod, og andre aktørar? Korleis bidrar aktiviteten til eit meir heilskapleg innovasjonssystem?

**Korleis skal de sikre synleggjering av innovasjonsavtalen, og resultatata?**

Beskriv korleis de planlegg å synleggjere innovasjonsavtalen, og resultatata av den.

**Kostnad-/finansieringsplan**

**Kostnadsplan**

Tittel	2027	2028	2029	SUM
Totale kostnader				0
<b>Sum kostnad</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2027	2028	2029	SUM
* Søknadssum frå fylkeskommunen				0
Andre offentlege midlar				0
Andre private midlar				0
Eigeninnsats (kostnad timar)				0
Eigne midlar (kontantsum)				0
<b>Sum finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Geografisk nedslagsfelt

Her skal de krysse av for kva kommunar som er det geografiske nedslagsfeltet for avtalen.

### Obligatoriske vedlegg

Det er to obligatoriske vedlegg. Sjå utlysingstekst.